

Møtebok frå årsmøte i Birkenes Ungdomslag 2024


Grasham, 15. februar 2024

Det var møtt fram 9 medlemmer. Leiar, Iren Sommerset, opna møtet. Det var ingen merknader til innkalling og sakliste.

1. Val av møteleiar og skrivar. Iren Sommerset blei vald til møteleiar og Edvard Lauen til skrivar
2. Årsmelding: Møteleiar las opp den utsendte meldinga. Det blei gjort ein del presiseringar og mindre endringar, og med desse merknadane blei årsmeldinga lagt ved møteboka.
3. Rekneskap: Kasserar Rune Risdal gjekk gjennom rekneskapen. Økonomien er god. Det vil seinare bli lagt fram ein økonomirapport for Elvespelet i dei åra ungdomslaget har arbeidd med dette. Det var ingen merknader frå ettersynsmannen. Årsmøtet vedtok rekneskapen slik den låg føre.
4. Årspengar: Det var ikkje kome framlegg om å endre årspengane, så då blir desse uendra for 2024. Årspengane blir då 150 for vaksne og 75 for born/ungdomar
5. Arbeidsprogram og budsjett:
 - Den store saka i Agder dette året blir Nordleik i Arendal til sommaren. Strøget vil melde seg på i den nordiske dansespeltevinga, og fleire av medlemene er aktive i ulike nemnder i Nordlek2024
 - Det er ønske om dansefest til hausten
 - Toraderkurs over noen helger
 - Aktivitetar for barn i laget. Få opp rekruttering, samarbeide med den kulturelle skolesekken
 - Laget er generelt innstilt på å bruke av kapitalen dersom det kjem framlegg om gode tiltak
6. Inkomne saker: Det hadde ikkje kome inn saker til årsmøtet uner dette punktet.
7. Val. Desse blei vald:
 - Leiar: Attval på Iren Sommerset for 1 år
 - To styremedlemmer for 2 år: Attval på Anne Svendsen og Ragnhild Borø Svaland
 - Styremedlemmene Gunhild Tømmerås og Inger Birkeland Slågedal blei valde i fjor og var ikkje på val.
 - 1. varamedlem til styret for 1 år: Rune H. Risdal

- 2. varamedlem til styret for 2 år: Johan Kristian Brändström
- Styret konstituerer seg sjølve og vel skrivar, nestleiar og kasserar
- Utsendingar til årsmøtet i Aust-Agder Ungdomslag 17.3.24: Iren Sommerset og Rune Risdal
- Styret blir gitt fullmakt til å peike ut utsendingar til årsmøtet i Noregs Ungdomslag
- Årsmøtet vedtok og at Iren Sommerset og Gunhild Tømmerås kvar for seg har signaturrett for Birkenes Ungdomslag

Lillesand, 19. februar 2024



Edvard Lauen

Møteskrivar